



Tryggheimhelsing



Verdsatt
og fri

s. 4-5



Girlpower

s. 6



Livet etter
Tryggheim

s. 8



Personalet på Romabesøk

s. 9

Rektor har ordet



Gjermund Viste

Regjeringa øydela nesten for internatskulane...

Takk til KrFU, Elevorganisasjonen, KrF, Venstre og andre som har kjempa gjennom bustøtte til vgs-elevar på hyblar og internat! Ein endå større takk til enkeltmenneske som Hans Olav Syversen (KrF), Emil André Erstad (KrFU) og fleire som har stått på i denne kampen! Brått ser vi kor kort veg det er mellom skulekvardagen på Nærbø og budsjettforliket i Oslo. Brått ser vi kor nær samanheng det er mellom enkeltleiarar sitt engasjement og viktige politiske vedtak.

Honnør til engasjerte elevar

Etter budsjettforliket, som enda godt for distriktsungdommane, vil eg uttrykke ein hjartans takk til dykk elevar Mai Lene Fløysvik Hæåk (Vg3 ST), Olaus Bjuland (Vg2 ST), Pål Inge Hugdal (Vg1 BA), Ruben Hauge (Vg1 BA) og Elias T. Tindstad (Vg1 BA) som representantar for ungdom på Tryggheim med eit engasjement for eit betre samfunn. De er ikkje einige, men de engasjerer dykk, inviterer til politisk kafé, skriv lesarinlegg og set viktige saker på dagsorden. De fortener stor honnør! De har forstått at eit samfunn ikkje surfar av seg sjølv på ei positiv medgangsbølge mot det rette målet med dei rette verdiane. Nei, mange snur kapp etter vinden og følger den mest populære meininga. *Kva tenkjer dei andre? Kva tenkjer gjengen?* Det er ikkje godt nok.

Kampen står om ungdommen

«Kampen står om ungdommen. Det er de som skal styre landet om noen år, og de vil styre etter de mål, visjoner og drømmer som de har. Derfor er det viktig at vi kommer inn der», seier professor Magne Supphellen ved Hauge School of Management som meiner det må satsast på dei unge (Dagen, 20. oktober 2014).

«For mange vert sjukepleiarar og lærarar»

«Det er altfor mange kristne som blir sykepleiere og lærere», seier Hermund Haaland gjennom Tankesmia Skaperkraft. Han meiner det trengs meir risikovilje. «Velferdsstaten tar seg godt av oss og mange velger trygge livsveier. Vi har arvet skoler og institusjoner fra besteforeldrene våre som vi er gode på å forvalte. Men det er få kristne ledere som er villige

til å ta risiko og gjøre endringer. Vi må våge å omstrukturere», seier Haaland (Dagen, 20. oktober 2014). Er ikkje det litt sett på spissen? Jo, det er det. Men hadde alle kristne blitt sjukepleiarar og lærarar og blitt der på sin post, så hadde vi ikkje hatt eit så godt budsjettforlik som vi fekk. Då hadde færre kjempa vår sak på Stortinget. Så Haaland har også rett. Vi treng nokon som er villige til å ta risiko og engasjere seg i samfunnet på ulikt vis for å vere med og skape gode endringar.

Regjeringa snudde

Elevar som må reise på hybel eller internatskular er avhengige av bortebruarsti-

«Kampen står om ungdommen. Det er de som skal styre landet om noen år, og de vil styre etter de mål, visjoner og drømmer som de har. Derfor er det viktig at vi kommer inn der.»

pendet. Sidan internatelevane stort sett fullfører vidaregåande opplæring, sparar dei også staten for millionar. Dei fem siste åra har 4,8 % av elevane ved norske offentlege skular droppa ut kvart år i det tre-årige utdanningsløpet (Kilde: UDir). På internatskulane er ikkje tala så høge. Desse har tal mellom 0 og 2 % fråfall. For Tryggheim vgs var det 1,2 % sluttarar skuleåret 2013-14. Internatskulane dekkjer eit viktig behov. Dei er viktige for store delar av distrikts-Noreg, også for å gi elevane eit større mangfald å velje i. Her får elevane minner for livet, både fagleg, menneskeleg og andeleg. Internatskulane har tilsyn på kveldar, netter og helger og eit personale som strekkjer seg langt og gjer eit verdifullt sosialpedagogisk arbeid. Det er heilt forståeleg at mange foreldre og elevar ønskjer tilbodet internatskulane kan gi. Regjeringa foreslo å redusere dette stipendet gjennom behovsprøving og spare 85 millionar kr. Det er framleis ei gåte kva argumentasjon som vart brukt. Vi vonar at det ikkje vert omkamp om dette eit anna år. Både hybelbuarane, internatelevane og internatskulane fortener den oppbakkinga bortebruarstipendet er!



Jesus står att!

«I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by.
Han er Messias, Herren» Luk. 2,11.



Kjersti Skjæveland

Me er i desember månad. Adventskalendarar i ulike fasongar er hengde opp eller sette fram på sine faste stadar i heimane. Stearinlysa er på plass, hjerter og kransar heng på dørene, og meir til. Ingen er i tvil om at julefeiringa nærmar seg med stormskritt. Dei fleste av oss har nokså faste rutinar for denne månaden. Me som arbeider i skulen, rettar tentamenar og skriv karakterar. Dei som arbeider i butikkar, må no belaga seg på ekstra lange og travle arbeidsdagar, med mykje innpakningspapir og sløyfebånd. Lista kunne vorte lang.

Kvar heim og familie har sine tradisjonar, og det kjennest godt når me kvart år plukkar fram krybbe og englar, juletrekuler, stjerner og mykje, mykje meir. Kjøleskåp og fryseboks er fulle av godsaker. Tradisjonar er viktige og me skal få lov å

gle oss til jul! Likevel tykkjer eg det er viktig å vera merksam på forventingspresset mange opplever. Forventinga om at no må me vera glade. Alle skal jo vera glade når det er jul!

Når me ynskjer kvarandre god jul og tar ferie, kjenner eg alltid på vissa om at nokre av dei eg seier dette til, veit at dei ikkje kjem til å ha ei fredeleg og gledeleg jul. For mange er jula prega av einsemd og sakn. Andre må li under vanskelege forhold i familien eller avgrensa midlar til å kjøpa inn dei forventa godsakene. Dessverre veit me at ein del og lir under alkoholmisbruk i heimen denne festtida.

Kva då med «GOD JUL»? Korleis kan jula på nokon måte verta god for dei mellom oss som har det vondt? Då sit me att med det eine, det store, det gode: At Jesus blei

fødd, som vår frelsar. Me kan plukka vekk alt eg her har nemnt tidlegare, inkludert forventinga om at alle skal smila og stråla fordi det er jul. Det er lov å droppa staffasjen. Jesus står att! Om du som les dette, er ein av dei som ikkje gler deg, fordi du ikkje har det så greitt, så vit at du har lov til det. Du treng ikkje lata som, men midt i dette skal du likevel få lov å ta imot og gle deg over denne eine, og aller største julegåva: JESUS. Han tek imot deg, anten du smiler eller gret. Han har lova å gå med deg, både i gode og vanskelege tider. Det beste av alt: Har elsker deg akkurat slik du er!

«Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda» Joh.1,9.

Takk Gud, for at du sendte din einaste son, til frelse for alle menneske!

Kva er min verdi, og korleis skal eg rekna meg fram til den? Må eg innordna meg «Generasjon Prestasjon»? Mykje i kulturen vår ber med seg eit ønskje om å bli berømt og beundra. Ligg då verdien min i strevet etter lukke og beundring frå andre?



Øyvind Torsen, Johan Skretting, Ingvild Egeland og Anette Sleire selde popkorn i russekiosken.

«VERDSATT OG FRI»

■ Tekst & foto: Bjørg Topnes

Heller god enn dyktig

Informasjonsleiar i NLM, Espen Ottosen, hadde overskrifta «Verdsatt og fri. Ungdom og trender» på foredraga sine på foreldredagen. I første økta sette han ordet «verdsatt» på knivspissen gjennom tre punkt.

For det første er det viktigare kva du er enn kva du gjer. Mennesket er verdifullt fordi det er skapt av Gud, ikkje fordi det får gode karakterar eller spring forta.

For det andre er det viktigare å vera god enn å vera dyktig. Me skal heller gjera godt mot andre, visa kjærleik og vera trufaste

enn å måla oss etter «flink pike»-standarden.

Lukka kjem...

For det tredje er det viktigare å gjera godt enn å ha det godt. «Berre han eller ho er lukkeleg,...» seier me. Men lukka kjem ofte som ein bonus.



Espen Ottosen hadde temaet Verdsatt og fri.



Grete Goa Hovland og Andrea Espedal deler ut sjokoladegevinstar.



Ann-Beatrix var blant dei som vaska bilar til inntekt for prosjektet.



Kåre Obrestad tel opp lodd til kveldstrekninga.



Ragnhild Handeland, Anette Sleire og Johanna Stueland i russekiosken.

Når me har vore mest opptekne av å gjera godt, ja, til og med gløymt ut å kjenna etter om me har det godt, då kjem lukka. Han siterte eit reisefølgje: «Det må være et fattig liv å ikke være til nytte for noen.»

Travle timar

Det var fullt program for elevar, foreldre og tilsette heile ettermiddagen og vel så det. Tryggheim vgs hadde invitert foreldra til ein skuledag med oss som vankar på plassen til dagleg. Det innebar mat, temasamlingar, foreldresamtalar og -møte, meir mat, russekiosk, russebasar og misjonstivoli.

Fest og basar

Elevrådet og russestyret utnytta dagen til å henta midlar frå opphavet til misjonsprosjektet i Elfenbeinskysten. Misjonstivoliet stod elevrådet bak og folk betalte for mellom anna bilvask, spikring og pilkast, mens russen gjennomførte ein velorganisert basar og sytte for energipåfyll i russekiosken. Kortterminalen var betalingsdyktig, lommebøkene opne, russekoret sjarmerande, gevinstante varierte og dagen vellukka.



Carl Jacob Rørvik og Magne Vatland bemanna standen i kantina ei stund.

For det andre er det viktigare å vera god enn å vera dyktig. Me skal heller gjera godt mot andre, visa kjærleik og vera trufaste enn å måla oss etter «flink pike»-standarden.



Toril Frajford sel lodd til Aud Borgny Thorsen.



Espen Ottosen og Gjermund Viste.



Blide folk på tunet. Derek Cooper, Bjørn-Erik Stornes, Helene Kirkholm og Ariel B. Mæstad. Rikke Paulsen fremst.



Joachim Kvalvåg heldt oversikt over spiker-sлага.

Girlpower

For gutar og menn på ungdomsskule har det sidan oppstarten vore eit mysterium kva som føregår i valfaget «Girlpower». Der er nemleg personar av hankjønn lite velkomne, og jentene rår grunnen heilt åleine.



Hanne Elin Kvitvær og Rebecca Øglend Egeland meiner nesten alt i valfaget Girlpower er nyttig.

■ Tekst & foto: Knut Reier Indrebø

Kan eit valfag som i hovudsak består av samtale og undervisning bli særleg populært? Det er valfaget «Girlpower» eit bevis på. Sidan valfag vart innført i ungdomsskule att for fire år sidan, har dette vore eitt av dei mest populære faga på Tryggheim ungdomsskule, med ca 40 deltakarar dette året. Elevane Rebecca Øglend Egeland og Hanne Elin Kvitvær er ikkje i tvil om kvifor. - I Girlpower får me snakka om problem som me møter i kvardagen vår, typiske jenteting som gutar aldri vil forstå. Nesten alt i faget er nyttig. Me kan ta det med oss vidare i livet, og me kan bruka det til å hjelpa andre, seier dei.

Betre føre var

Lærarane Merethe Moi Berge og Marit Halvorsen meiner faget er svært viktig på grunn av det sterke presset jenter lever under i dag. - Namnet Girlpower passar så bra. Me vil gi jentene undervisning, rettleiing og råd gjennom timar og samtale. Dei skal få «power», styrke, når dei vil trenga det. Kanskje ikkje i dag, men neste månad. Når dei kjem i ein vanskeleg situasjon eller får eit problem, vil det kanskje ikkje vera så

ukjend for dei, men dei vil ha høyrte om for eksempel depresjon frå før, seier lærarane.

Ein motpol mot presset

Merethe er utdanna sjukepleiar, og då ho byrja på Tryggheim måtte ho stilla seg

- I samfunnet vårt er det så enormt stort fokus på kropp, på korleis me skal sjå ut. Eg vonar at faget kan demma litt opp for det.

spørsmålet om kvifor ho skulle vera der og kva ho hadde å bidra med i skulen. Ho fekk fort ein draum om eit slikt fag for jenter der ho også kunne bidra med litt av sjukepleiarkunnskapen sin.

- I samfunnet vårt er det så enormt stort fokus på kropp, på korleis me skal sjå ut. Eg vonar at faget kan demma litt opp for det. Er det «Klara Klok» eller «Idol» og popstjernene som skal bestemmas? Me ville heller

kopla inn det kristne perspektivet at dei er gode nok, og har stor verdi for den dei er uansett, seier ho.

Kanskje noko også for gutane?

Marit understrekar at faget mykje handlar om å førebu jentene på livet.

- Det er bra om jentene kan ta viktige val for liva sine før dei MÅ ta val. Dei må tenkja gjennom ting og bestemma seg for kven dei vil vera og kor dei vil setja grensene. Å seia nei fører nokre gonger til at du kan såra eller skuffa nokon, men er likevel naudsynt for å setja grenser rundt seg sjølv, legg Merethe til.

Marit trur nok gutane også ville hatt godt av høyra desse tinga, men førebels er ikkje dette eit valfag som er for gutar på Tryggheim.

- Jentene har større behov for å snakka om ting, og mange vel faget nettopp på grunn av samtalegruppene, seier ho.

Niandeklassingane Hanne Elin og Rebecca er derimot ikkje i tvil om kva opplegg dei ville laga til gutane:

- Dei burde hatt undervisning om jenter. Dei forstår oss berre ikkje!

Får 3000 nye kvadratmeter

Når spada blir sett i jorda til våren og endå eit nybygg blir reist, er det truleg starten på eit nytt kapittel i den nærast eventyrlege historia om Tryggheim ungdomsskule. Skulen står framfor ei formidabel utviding.

- Tekst& foto: Knut Reier Indrebø
- Illustrasjon: Novaform

Dagens ungdomsskulebygg er på om lag 1000 kvadratmeter, og var på mange vis for lite allereie då det vart teke i bruk i 2005. Sidan den gong er elevtalet på skulen meir enn fordobla, og ungdomsskulen har difor nytta lokale ulike stader på heile Tryggheim-området. For leiar Tron-Arild Grødem er nybygget dermed ei etterlengta investering.

- I nybygget får skulen fyrst og fremst mykje større plass for alle. Me som skule kan dermed leggja opp til ei meir variert undervisning, me får samla spesialromma som Mat og helse- og naturfagrom i same bygget. Alle klasseromma blir og samla i eitt bygg. Det vil bli betre plass for lærarane. I dag er det fleire som deler pult med andre. Me vil og få langt fleire grupperom og rom til elevar med spesielle behov, seier Grødem.

Totalt 4000 kvadratmeter ungdomsskule

Det nye bygget er eit modulbygg med to etasjar på ca. 1000 kvadratmeter kvar. I tillegg skal det vera kjellar som vil bli nytta til teknisk rom, lager osv. Planlagt byggstart er i mai/juni 2015. Bygget er planlagt å vera ferdig i løpet av april 2016.

Utvidinga betyr at ungdomsskulen kan utvida elevtalet frå dagens 200 opp til 270, som skulen er godkjend for.

- I dag må me seia nei til mange elevar som vil gå her fordi me ikkje har plass til dei. Me vonar at me vil bli 270 elevar i framtida, men ikkje fyrste året bygget er ferdig. Me aukar på frå 8. trinnet og byggjer opp elevmassen år for år. I dag har me ikkje nok søkjarar til å fylla opp bygget, men me satsar jo på at det vil bli tilfelle når me nærmar oss inntaket. Kulla varierer, men det er mange store kull framover så me håper endeleg at det skal bli fullt. Budsjettet er laga med bakgrunn i at me klarer å ha tilnærma fulle hus, understrekar Grødem.




Johan Inge Haukland, Hanna Tomine Bergersen og Silje Bjorland ser fram til å vera 10. klassingar i nybygget på Tryggheim ungdomsskule.

Ikkje romma som skapar ein skule

- Mister ein noko når skulen blir større?
- Me håpar me vil klara å halda på mykje av det me har i dag. Eg tenkjer at når me blir større så blir det og fleire vaksne i miljøet. Det er likevel eit viktig spørsmål. Det å driva skule går ikkje av seg sjølv. Me må derfor vera observante. Det er viktig å sjå elevane og at elevane opplever at me møter dei med omsorg og omtanke. Det å kunne leggja elevane fram for Gud, få leggja dei i Guds hender, er fantastisk, seier Grødem, og held fram:

- Me må hugsa at det ikkje er romma som skapar ein skule. Det er elevane og dei som arbeider der som er dei viktige. Me vonar difor at du som les dette, vil vera med og be for elevane og for personalet. Be om at skulen må bli velsigna og at me som er her kan få vera til hjelp for elevane og for kvarandre. Me ynskjer at Tryggheim ungdomsskule skal vera ein plass som elevar og foreldre er glade for at dei har vore i kontakt med.



Slik vil truleg Tryggheim ungdomsskule sjå ut om eit par år.

Livet etter Tryggheim

Etter tre år på internatskole er tro- lig holdningene ulike til livet etterpå. Et fåtall er kanskje lettet over at det er over, mens et flertall synes nok de har hatt det både sosialt, trygt og godt. De kan lett se for seg en lignende fortset- telse. Uavhengig av følelser og tilknyt- ning erkjenner nok alle at «livet må gå vidare», som Oddgeir Bruaset ville sagt det. For at ikke overgangen skal bli for stor kan det være lurt å bringe med seg noe videre på reisen. Barn tar ofte med seg kosebamsen. Vi har møtt noen som tok med hverandre.



Tre av fire kollektivister, f.v. Leif Inge Nødland, Olav Teigen og Jakob Kvamme.

■ Tekst og foto: Knut Handeland

Tett på stadion, med gratis utsikt til Brynes hjemmekamper bor de, fire unge menn i et staselig murhus. Det råder en påtakelig orden, ro og verdighet i fellesrommene, spesielt på kjøkkenet. Duk på det lille kjøkkenbordet til og med. Bare overdimen- sjonerte høyttalere i stuen bærer bud om lav gjennomsnittsalder, for øvrig et pussig fenomen at størrelsen på slikt utstyr ser ut til å minke i takt med den aldersdrevne hørselssvekkelsen.

Alle fire er tidligere Tryggheimeliver utek- saminert våren 2013, og består av Jakob Kvamme (dataelektronikk), Leif Inge Nød- land (el-energi), Olav Teigen (byggteknikk) og Runar Eide (el-energi). Sistnevnte var dessverre ikke hjemme under intervjuet.

Opprinnelig var de fem, men en valgte av uforståelige grunner å gå bort og gifte seg. Som om ikke det var nok, valgte han i til- legg å flytte ut av kollektivet.

- Dere har valgt å bo i kollektiv etter vide- regående, hvorfor det?

- Det fins flere grunner; ingen av oss er fra Jæren, samtidig som det var enkelt å få lærlingeplass her, derfor ble vi værende i området. Så er det gunstig økonomisk sett å være flere; 4000 kroner i måneden pr. mann, pluss strøm og internett. Da går det an, selv på lærlingelønn.

- Vi visste om hverandre på Tryggheim, men hang ikke så mye sammen da. Selv om hver av oss har sine vennegjenger i tillegg, så er vi mye sammen i fritiden også, av og til to og to. Jeg og Jakob kjører f.eks. telemark sammen, sier Olav.

- Vi har alle hobbyer, jeg luker og klipper plenen og spiller fotball på Klebe, sier Leif Inge uten å avsløre hva han synes er mest givende. Runar driver og med fotball og lengter til havet som han vokste opp ved, så

det blir noen turer på stranden. Jakob driver litt med klatring, og Olav har en hobby som kalles Amalie.

- Annenhver tirsdag har vi bibelgruppe sammen med noen flere, så det blir åndelig fellesskap også, sier Jakob. Han er i tillegg med som leder for en husmenighet for 17-19-åringene i regi av Bedehuskirken på Bryne.

- Her lages vel all mat fra bunnen – ikke noe Fjordland?

- Det første året kom vi hjem omtrent sam- tidig, så da ble det en del fellesmiddager, men nå er det mye overtid for flere av oss, så da blir det mer individuelt.

Leif Inge innrømmer at tanken om å jobbe overtid for å slippe å være førstemann hjem og begynne på middagen, har vært fristende.

- Vi deler på oppgavene, så det går greit selv om ikke alle til enhver tid gjør like mye, sier den diplomatiske Jakob og lar meg forstå at de har kjørt seg fast i et spor som fungerer når det kommer til husarbeid.

- Med bare mannfolk i huset; hvis noen er syke, så kan han vel se langt etter omsorg og stell?

- Ja, vi kommer oss fort på beina igjen, sier Leif Inge, det er lite å hente, så vi holder oss friske.

- Så et unngåelig spørsmål: Savner dere Tryggheim?

- Nja...

De drar litt på svaret – dette er ærlige karer - samtidig vil de ikke virke støtende. De vet hva som forventes til svar: Et rungende «JA!» og gråtkvalte nostalgiske hikst fulgt av et rop om å få lov til å vende tilbake til skoleinternatet. Men de lar seg ikke lure i fellen.

- Får me karakterer på detta? spør Olav med opptil flere glimt i øyet. Han synes det var godt å komme i jobb.

- Det var kjekt på Tryggheim, men me har det godt nå og. Det er veldig kjekt å dra tilbake på russemøter og natt-cup o.l., men etter hvert blir det færre kjentfolk der, sier Jakob.

- Hva er planen videre?

- Det blir iallfall kollektiv fram til sommeren, da mister vi kanskje huset. Noen reiser videre når læretiden er slutt, enkelte vil kanskje forsøke å komme seg inn på boligmarkedet. - Vi vil uansett anbefale boformen, det er veldig sosialt. Utfordringene er stort sett begrenset til fordelingen av arbeidsoppga- ver, og å få i seg variert kost.

- Her er avslutningen på teksten slik jeg hadde planlagt den før intervjuet:

Jeg skriker tankefull ut i det frådende snøværet – en katt uten hale og med brukket rygg sleper seg forbi med to glefsende hunder etter seg. I det jeg ser meg over skulderen ser jeg to staute, men gråtkvalte unge menn stå på trappen og vifte farvel med hvert sitt hvite lommetørkle. Tredje- mann klarte ikke å reise seg fra sofaen av bare lengsel og smerte. Ropene «Ta oss med tilbake» blir til dumpe støt i vindkastene. Kvartetten viser likevel at selv om livet etter Tryggheim er beinhardt, og lengselen tilbake tar det meste av nattesøvnen, går det an å kjempe seg gjennom det og lappe sammen et liv når man bare står sammen i sorgen.

Som du har skjønnet passet heldigvis ikke denne avslutningen helt med virkeligheten. Elevene har klart overgangen smertefritt, er blitt selvstendige og trives godt. En trenger ikke være bekymret for «etterlivet» for å se at et kollektiv kan tilføre ekstra livskvalitet. Kanskje et tips for deg som er elev nå å ta med i planleggingen fremover?

Vi har vært på en festreise!



Reisefølget utenfor Lateranet, Johanneskirken. Kristenhetens sentrum i 1000 år. Denne var pavens residens frem til eksilet i Avignon. Foto: Kjartan Håland.

Personalet ved Tryggheim vgs har dette året vært på to flotte personalturer – først for de som ønsket tur til Israel i vår, og deretter for de som ønsket tur til Roma i høst.

Onsdag 15. oktober satte 33 forventningsfulle turdeltakere seg på flyet som skulle ta dem til reisemålet. Vi hadde en fantastisk guide med oss, Odd Ranestad fra Drottningsborg vgs.

■ Tekst: Reidun Gravdal

Å ta Metroen i rushtida var litt av en utfordring. Det var stufullt på perrongen, og enda fullere inni vognene. Men vi klarte å presse oss inn, og alle kom med - det hadde ikke vært så kjekt å bli stående igjen denne aller første morgenen! Vi ble advart mot lommetryver siden det var så fullt, og Oddmund merket ikke at han ble frastjålet 200 euro før han var oppe på gata igjen.

Kirkebesøk står alltid høyt på min liste når vi er i store europeiske byer, og i Roma er det er jo ganske mange å ta av også, men vi holdt oss til de største og gjeveste som Pauluskirken utenfor murene, Johanneskirken som er Romas domkirke, og selvsagt Peterskirken som den største og mektigste av alle. Søyler og gulv og vegger av marmor, gull og sølv overalt – og all verdens fineste kunst – det er bare helt utrolig hvilke rikdommer disse og mange av de andre kirkene i Roma inneholder.

En langt mindre ruvende kirke er Santa Pudenziana-kirken som ligger nokså midt i byen – her bodde Paulus under sin toårige husarrest. Det var spesielt å sitte i denne kirken og vite at på dette stedet, antakelig rett under oss, satt han og skrev flere av brevene sine. Odd minnet oss om brevet Paulus skrev og sendte til sin venn Filemon «som Kristi Jesu fange» der han ber Filemon ta imot Onesimus. En sterk historie. Det var som om vi opplevde gleden Paulus hadde, selv om han var i fangenskap.

Det er så mye å se i Roma, både over og under jorden. Å gå i Domitilla-katakomben, en av de fire store katakombene, var også

en meget spesiell opplevelse. 17 km med smale ganger og graver som lå i flere etasjer, barnegraver og voksengraver for både rike og fattige, og noen av freskene med sine fine farger viste enda. Om det stemmer at de første kristne gjemte seg i katakombene, er det stor uenighet om. Vår italienske guide hadde ingen tro på det og mente at stanken fra alle døde måtte være bevis godt nok for at ingen ville skjule seg der nede.

Å gå i sentrum om kvelden var også en fantastisk opplevelse. Vi ante noe veldig stort, noe mektig, men fikk det ikke helt med oss før det ble lyst igjen neste morgen. Å se huset der Sigrud Undset hadde bodd og huset der Bjørnstjerne Bjørnson hadde bodd var jo kjekt for oss nordmenn, men det kunne likevel ikke måle seg med å se bygningene fra oldtiden. Vi ante Forum Romanum i kveldsmørket den første kvelden, men at det var så stort, at det hadde vært så mektig, og ikke minst at så mye var bevart av det politiske og religiøse og juridiske Roma tilbake til år 500 visste jeg ikke – jeg ble så imponert! Nesten som en hel liten byvandring i strålende sol fikk vi. Det er imponerende hva som har blitt gravd fram og ikke minst hva som fortsatt ligger gjemt under denne byen.

Noen av oss besøkte en veldig spesiell kirke - San Clemente, etter keiser Clement som var pave i det 2. århundre. Det er tre kirker som står omtrent oppå hverandre. For noen år siden ble det oppdaget noen sprekker i en vegg, og dette ledet nedover i en kirke som de ikke visste lå der. Under den igjen kom det frem et eldgammelt kirkerom og en gate med små avdelte husrom – helt tilbake til det 1. århundre. På nettet står det at det har vært et hedensk tempel, men Odd sa at det var her flere av de første kristne samlet seg. Det var en mektig opplevelse da vi sang «Laudate» i det underste kirkerommet og noen fremmede mennesker kom og omfavnet oss etterpå – vi fikk en følelse av å stå på hellig grunn.

Vi må heller ikke glemme Colosseum og alt som utspant seg der gjennom flere århundrer med plass til over 50 000 mennesker om gangen – fra de rikeste til de fattigste oppover i skråningen for å se bl.a. gladiatorkamper. Det ene bygverket overgår det andre, og det føles som om det er så mange av dem, noe der jo også er. At Roma må ha vært verdens sentrum gjennom århundrer,

så vi også bevis for på Forum Romanum. Alle veier fører som sagt til Rom! Umbilicus mundi – verdens navle!

Vi gikk også ned i fangehullet på Forum Romanum, der det sies at både Peter og Paulus hadde vært. Opplevelsen av at Peter og Paulus hadde vært på de stedene vi besøkte, gjorde at mye fikk en helt annen dimensjon. Vi har en tilhørighet til noe som er verdensomspennende.

Jeg så etter bilder av Jesus i Peterskirken, og fant et par - det veldig kjente ved inngangen der den pur unge Maria holder sin døde sønn i armene - og Jesus ser eldre ut enn henne, og et annet lenger inne i kirka der Jesus var sammen med noen andre. Men det var helst apostlene og andre hellige menn og noen ganske få kvinner som var avbildet eller stod som statuer rundt omkring i kirkene.

I Pantheon, som opprinnelig er et tempel til alle guder, bygget 600 år før Kristus, hadde de gjort et forsøk på å male vår Gud sammen med alle de andre. En imponerende bygning med en stor «kuppel» som egentlig er et digert hull i taket.

Inntrykkene og opplevelsene vi sitter igjen med, er mange og sterke. Vi er berørt av hendelser som skjedde flere hundre år tilbake. Vi er en del av noe stort – ja, noe enda større!

I fire av de katolske kirkene i Roma er det en dør til høyre som bare blir åpnet hvert 25. år - jubelåret – både for paven og for allmuen. Døra er da åpen et helt år. I følge katolsk lære blir de som går inn gjennom døra rene! Vi har vært på en jubelreise, vi har sett mye som for oss er annerledes, men det viktige er at døren er åpen hver eneste dag for oss – vi slipper å vente, og vi slipper å kripe i trapper for å møte Gud.

Vi besøkte Spansketrappen, Trevifontenen - men uten vann, vi gikk gjennom store flotte gater, svingte innom store Piazzaer, vi spiste ute og inne på forskjellige spisesteder, hadde mye god mat og ikke minst flott reisefølge.

Vi ble kjent med hverandre på en annen måte enn vi gjør i den vanlige skolesituasjonen. Ingen klager – det var bare jeg som klagde, da toalettet vårt ikke virket. Og jeg er full av takknemlighet for denne turen til Roma. Takk igjen for en flott tur, takk til rektor og Tryggheim og alle som var med!

Fakta: NLM i Elfenbenskysten

Norsk Luthersk Misjonssamband har hatt misjonærer i Elfenbenskysten siden 1984, avbrutt av en lang periode med borgerkrig, som nå er over.

Ved siden av bistand er evangelisering et satsingsfelt med blant annet nyplanting av menigheter, utrustning av nasjonale ledere, radioprogrammer og arbeid med bibeloversettelse til mahoufolket. Flesteparten av mahoufolket har ikke hørt evangeliet om Jesus. De få som har det, må ofte leve i stillhet med sin tro på grunn av forfølgelse. Men radioprogrammet Mahourøsten bryter stillheten og gir oppmuntring og håp. Gjennom undervisning, radioteater og kristen sang forkynnes evangeliet om Jesus til mahoufolket ukentlig på radio. NLM samarbeider med organisasjonen Wycliffe om oversettelse av Bibelen til ma-



Radioarbeid er en viktig del av evangeliseringen i Elfenbenskysten. Foto Jostein Sæth.

hou, og vil produsere enkle hefter og bøker som presenterer det kristne budskapet på en forståelig måte.

NLM driver også menighetsbyggende arbeid både på landsbygda og i millionbyen Abidjan, og ønsker å plante menigheter i bydeler hvor det bor mange som ikke

har hørt evangeliet. Bibelundervisning er avgjørende for å få frem nasjonale ledere og medarbeidere. NLM arrangerer bibelkurs og leirer hvor det blir gitt undervisning i Bibelen.

Samarbeid med Norad

I Elfenbenskysten regner man at 60 prosent av den voksne befolkningen er analfabeter. Årets bistandsprosjekt, som også er støttet av Norad, heter «Hope for all». Her drives det arbeid innenfor HIV/aids, «speed schools» for barn med tapt skolegang, og lese- og skriveopplæring for voksne. «Hope for all» driver alfabetiseringskurs i noen av de fattigste bydelene i Abidjan. Undervisningen handler om lesing og skrivning, men også grunnleggende matematikk og samfunnslære.

Årets misjonsprosjekt

I år har elevrådet og russen ved Tryggheim vgs valgt Elfenbenskysten i Vest-Afrika som misjonsprosjektland med mål om å samle inn minst 600.000 kroner. På Operasjon Misjonsprosjekt (OM-dagen) 31. oktober fikk derfor elevene hele

dagen til disposisjon for å samle inn penger til prosjektet. De kunne enten arbeide eller selge støttebevis, og hver elev måtte samle inn minst 400 kroner. Vi har spurt noen elever om hva de gjorde og hvor mye de tjente på OM-dagen.



Randi Marie og Anne Solfrid går i hhv 2STb og 2STa, og begge hadde skaffet seg jobb den dagen.

- Jeg jobbet i veskebutikk i Sandnes, forteller Randi Marie.
- Jeg var der i fem timer, og i løpet av hele den tiden kom det én kunde! Men jeg fikk 400 kroner.
- Jeg jobbet i barnehage i Drammen, og fikk 400 kroner jeg også, forteller Anne Solfrid, som kombinerte OM-dagarbeidet med helgebese hos søsteren sin.



Silje Hageland i 2STb er litt mer usikker på hvordan hun klarte å samle inn penger.

- Jeg gjorde ingen ting – men jeg fikk da inn pengene likevel, forteller hun, og bedyrer at det ikke var mor som betalte.

Tryggheimkalender

JANUAR

Man. 5. Skolestart
Tirs. 6. – søn. 18. Møteuger

FEBRUAR

Man. 9. – fre. 13. Leirskole VG1
Man. 16. – fre. 20. Vinterferie
Man. 23. – fre. 27. Leirskole VG1
Ons. 25. Tryggheimbasar
Lør. 28. Foreldredag og Tryggheimbasar

MARS

Tirs. 10. – søn. 15.3. Møteuger
Man. 30. Start påskeferie

TRYGGHEIMHELING

Redaksjonskomité:
Kjartan Håland (redaktør)
Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
Knut Handeland
Bjørn Topnes
Knut Reier Indrebø (ungdomsskolen)

e-postadresse: post@tryggheim.no
Kasserer: Aud Bodil Voll
Bladet koster kr 100,- pr år.
Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk: Lura trykkeri AS
Layout: Tubb (Oddbjørn Myklebust)

Visste du at...



Maria Elisabeth Fløisand (ST 07-10) og Tommy Høiland giftet seg 14. juni
Lydia Sjøen (BT/PB 10-12) og **Terje Ydstebo** (EL/PB 09-12) giftet seg 14. juni
Linn Marita Surdal (ST 08-11) og Runar Naterstad giftet seg 21. juni
Hege Lørup (PB 07-08) og Geir Laksesvela giftet seg 28. juni
Ramina Valand (BU/PB 10-12) og Geir Høyvik giftet seg 28. juni.
Kari Birkedal (ST/HS 03-06) og Sveinung Skjørsæter giftet seg 12. juli
Hege Åtland (HE/PB 11-13) og **Kristoffer Hitland Gangstø** (BY/PB 10-13) giftet seg 26. juli
Kathrine Kristensen (ST 07-10) og Vegard Berekvam giftet seg 2. august
Kristine Bø (HS 08-10) og **Kristian Mathiassen** (EL/PB 08-11) giftet seg 2. august
Jan Gaute Haug (AF 98-01) og Renate Fjellstad giftet seg 6. september.
Anne Marte Øygard (HS 10-12) og **Aleksander Olsen** (EL 10-12) giftet seg 20. september
Torill Gilje (ST 09-12) og **Lars Kristian Torsen** (BY/PB 08-11) giftet seg 20. september
Knut Are Kleppe (EL 97-98) og Kirsten Shcelderup Bruns giftet seg 27. september

Maria Leonora Våland (1ST 14-15) var blant 119 musikk talenter som konkurrerte i Ungdommens Musikkmeisterskap i Oslo i november. Hun fikk 3. pris i 'Sang klasse 3'

Vi gratulerer! Fortsett å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til aaanestad@tryggheim.no, SMS til 906 52 360 (Kjartan H.), eller ring eller skriv til skolen.

Tryggheimhelsing
ønsker alle lesere en
velsignet julehøytid
og et fredfullt nytt år.




Glenn Grønning går i 2BTa, og brukte dagen til å selge støttebevis.
- Jeg gikk rundt i byggefelt og samlet inn 1108 kroner!



Lars Magnus Halvorsen i 2DEa skaffet seg jobb for en dag i farens biloppbuggeri.
- Jeg delte opp dekk og felger, og på det tjente jeg 550 kroner.

Nye ansatte:



Ivar Brekkå
har bodd i Kviteseid og i Ølensvåg. For tiden bosatt på Nærbø.
• Han er 20 år gammel.
• Han er en av skolens tre miljøarbeidere som skal bidra til å skape en god hverdag for elevene etter skoletid.
• Ris og gryterett er topp på tallerkenen.
• Han trives med fotball, musikk og Bibelen.
• Han brenner for arbeidet på kristne internatskoler. Han har fått se og oppleve hva slike skoler betyr for mange ungdommer, både på åndelig og personlig plan.

Himmel over kvardagen

O store Gud, når jeg i undring aner hva du har skapt i verden ved ditt ord. Ser universet med de mange baner og vet alt liv oppholdes ved ditt bord. Da bryter lovsang i fra sjelen ut: O store Gud!



Hermund Haaland frå tankesmia Skaperkraft var ein av seminarhaldarane.

■ Tekst & foto: Bjørg Topnes

NLMvgs-samlinga starta med lovsang til Gud. Om lag 350 tilsette ved ti NLMvgs-skular og to samarbeidsskular var samla til fagleg, sosialt og åndeleg påfyll tre dagar sist i oktober.

Til signing for kyrkje og folk

Alt i opningsforedraget vart blikket vårt løfta opp frå kvardagslege suter som vasking og vurdering. Anfinn Skaaheim teikna Guds himmel over arbeidet blant elevane og blankpussa visjonen. Han trekte linjer heile 150 år tilbake, til den gong då framsynte skulefolk skriftfesta at målet for den kristne skulen ikkje var noko ringare enn å bli til signing for både kyrkje og folk og å vekkja, beända og læra den enkelte elev.

Det er vår utfordring å halda den kristne profilen høgt og tydeleg også i dag, og vidareføra arbeidet «i nye spor mot fedrenes mål», som han uttrykte det.

Skaaheim heldt fram neste morgon med å understreka at evangeliet er truverdig og skal gjennomsyra alt me gjer, både andaktar, samtalar og omgang med andre – ja, rett og slett skal me vera i det me formidlar. Jesus er vegen frå Gud til menneske, våre prestasjonar fører ikkje fram, og det må me bringa vidare til neste generasjon.

Allsidig program

Mange foredragshaldarar var inviterte til å undervisa oss og få i gang samtale om aktuelle tema i mindre grupper: bibeltillit, ikt-bruk, skapinga, overgangen frå elev til student,

seksuell rettleiing, sjesorg, den gode skulen og å bli vaksen var noko av det som stod på programmet i tillegg til bedriftsbesøk, fagvise samlingar og misjonsmøte.

Både lærarar, vaktmeistarar, kokkar og kontorpersonele fekk mange og relevante innspel til skulekvardagen.

Musikk og mat

Programmet var innhaldsrikt og tett. Kongs- haug-tilsette krydra det heile med musikalske innslag i konsert- og taffelform, men også som akkompagnement til allsongen. Det er sterkt å stå blant fleire hundre medarbeidarar og syngja til Guds ære så taket løftar seg. Som alltid på kurs er serveringa prikken over i-en. Tonstadli var innleigde til jobben, og med stadige kaffikoppar og utvalde godsaker i tillegg til solide middagar og rikhaldige skjeve-måltid er det sannsynleg at ein god del belte måtte utvidast.

NLMvgs-skule nummer ti

Nytt av året er at NLMvgs-skule nummer ti er på plass. Hans Nielsen Hauge videregående skole i Fredrikstad starta opp i haust med atten elevar og sju tilsette, og vart ønskte velkommen med varm applaus.

Eg trur me går oppmuntra tilbake til kvardagen, vel vitande om at me har ei viktig og meningsfull oppgåve blant ungdommen. Gud har ikkje bruk for våre gode gjerningar, men det har dei me omgåast. Me ber med Petter Dass for oss sjølv og elevane våre: La lykkjes Jesu navn, så vi vår vei kan finne inn i din faderfavn.



Interesserte tilhøyrarar på seminar.



Steik og fløtegratinerte poteter stod på menyen torsdag kveld.